



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Rapportering i samband med årsoppgjeret 2017 og ny ORBOF-rapportering frå januar 2018

RUNDSKRIV:

17/2017

DATO:

18.12.2017

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Bankar

Kredittføretak

Finansieringsføretak

Filialar (NUF) av utanlandske bankar,
kreditt- og finansieringsføretak

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Innleiing

Den offentlege rekneskapsrapporteringa (ORBOF) er eit samarbeid mellom Finanstilsynet, Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå. Rapporteringa dannar grunnlag for tilsyn med finansføretaka og finansmarknadene. Den er ei viktig kjelde for kredittindikator, nasjonal- og utanriksrekneskap og offisiell statistikk, og gir underlag for økonomisk politikk. Tala blir òg nytta ved internasjonal rapportering til Bank for International Settlements (BIS), Eurostat, Det internasjonale valutafondet (IMF), Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) etc.

Dette rundskrivet er utarbeidd av Finanstilsynet i samarbeid med Statistisk sentralbyrå. Det omhandlar rapportering i samband med årsoppgjeret 2017 og ny ORBOF-rapportering frå januar 2018.

For årsrekneskapan gjeld lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap mv. (rekneskapslova) og forskrift 16. desember 1998 nr. 1240 om årsregnskap m.m. for banker, finansieringsforetak og morselskap for slike (årsrekneskapsforskrifta).

Årsrapportering i ORBOF

Følgjande rapportar i *Offentlig regnskapsrapportering for banker og finansieringsforetak – ORBOF* skal avstemmast mot kvarandre og sendast inn til Statistisk sentralbyrå via Altinn:

- Rapport 20 Årsresultatregnskap
- Rapport 50 Årsbalanse
- Rapport 51 Tilleggsspesifikasjoner til årsrapporteringen
- Rapport 60 Avledet balanse med utvidete statistiske kjennetegn

Tidsfristane for årsrapporteringa

Frist for innrapportering for alle årsrapportane for 2017 er **31. mars 2018**.

Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding m.m.

Alle bankar, kredittføretak og finansieringsføretak skal sende inn årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding, jf. rekneskapslova §§ 3-1, 3-2 og 3-3a og revisorlova § 2-1 og § 5-6, så snart årsrekneskapan for 2017 er vedteken av styret og generalforsamlinga, og seinast innan 31. mars 2018.

Dokumenta som er nemnde over, skal sendast i PDF-format til rapporteringF2@finansstilsynet.no og s290fiffo@ssb.no.

Dersom det etter generalforsamlinga blir vesentlege endringar i årsrekneskapan, må føretaket sende ny versjon av årsrekneskapan til Statistisk sentralbyrå og Finanstilsynet.

Etter § 2-9 i årsrekneskapsforskrifta skal årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga, etter fastsetting av årsrekneskapen, utan unødig opphald offentleggjerast på institusjonen sin nettstad på Internett. Det er ikkje krav om at delårsrekneskapane skal sendast til Finanstilsynet, men § 9-4 i årsrekneskapsforskrifta krev at delårsrekneskapen skal bli vedteken av institusjonen sitt styre innan 45 dagar etter at rekneskapsperioden er slutt, og at delårsrekneskapen skal offentleggjerast på nettstaden til institusjonen.

Rapporteringsplikt for filialar (NUF) av utanlandske bankar, kreditt- og finansieringsføretak i Noreg

I samsvar med finanstilsynslova § 4 første ledd nr. 1 skal filialane sende inn rapportar som inneheld opplysningar til statistisk bruk om verksemda i Noreg. Med same heimel skal filialar i Noreg av utanlandske kredittinstitusjonar sende inn følgjande årsrapportar for 2017 innan utgangen av mars 2018:

- Rapport 20 Årsresultatregnskap
- Rapport 50 Årsbalanse
- Rapport 51 Tilleggsspesifikasjoner til årsrapporteringen
- Rapport 60 Avledet balanse med utvidete statistiske kjennetegn

Årsrapporten for filialen og for føretaket som filialen er ein del av, skal sendast i PDF-format til rapporteringF2@finansstilsynet.no og s290fiffo@ssb.no.

Samanheng mellom ORBOF og offisiell rekneskap

Bankar og finansføretak som utarbeider rekneskap etter årsrekneskapsforskrifta, må sjå til at rekneskapen følgjer "*Oversikt over sammenhengen mellom oppstillingsplanene i årsregnskapsforskriften og ORBOF-rapporteringen*". For føretak som nyttar IFRS, er ikkje dette eit krav.

Anna rapporteringsmaterieill

Ajournførte lister over klassifikasjonsvariablar i ORBOF finst på SSBs nettstad: <http://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/orbof>. Dei ulike delane er mellom anna sektorlister og sektordefinisjonar, bokstavkombinasjonar for sektorar, næringsgrupperingar, geografiske kjenneteikn, lister over offentlege og finansielle føretak og utanlandske aksjeselskap som er noterte på Oslo Børs.

På den same sida finst eit notat over alle feilkontrollar knytte til rapporteringa.

Andre presiseringar

Det er viktig at alle rapportørar held tidsfristane for innrapportering.

Dersom føretaket i arbeidet med årsoppgjeret finn større eller viktige endringar i forhold til kva dei alt har levert i rapport 10 Månedsbalansen eller 21 Kvartalsresultatregnskapet for fjerde kvartal, må det leverast korrigeringar av desse rapportane. Dette gjeld heilt til årsrapportane (rapport 20 Årsresultatregnskapet og rapport 50 Årsbalanse) er leverte og årsrekneskapen til selskapet er gjort offentleg.

Generelt skal rapportørane korrigere feil både i siste rapportperiode og bakover i tid i inntil 13 månader / fem kvartal når feil i data blir avdekte gjennom feilkontrollar, unormale endringar m.m.

Det vil bli mogleg å sende korrigeringar på årsrapporteringa for 2017 og fjerde kvartal 2017 fram til 30. juni 2018.

Ny ORBOF-rapportering frå januar 2018

Det er ikkje gjort større endringar i strukturen i ORBOF-rapporteringa sidan etableringa i 1987. Dei seinaste åra har det vakse fram eit behov for å tilpasse rapporteringa til IFRS. Med avgjerda om at IFRS 9 skulle implementerast for noterte føretak frå 2018, blei behovet enda meir aktualisert.

Finanstilsynet, Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå gjennomførte i 2015 ei intern behovskartlegging som la grunnlaget for arbeidet med den nye ORBOF-rapporteringa. Hausten 2016 starta myndigheitene i samarbeid med representantar frå bransjen og IT-leverandørane å utarbeide nye kodelister og rettleiingar.

Den nye rapporteringa vil bestå av fire rapporter:

- *Rapport 10 – Balansen*
- *Rapport 21 – Resultatregnskapet*
- *Rapport 12 – Tilleggsspesifikasjoner*
- *Rapport 13 – Landfordeling av balanseposter*

Årsrapportane (R20, R50, R51 og R60) utgår. I staden for R20 og R50, blir det gjort endringar i balanse- og resultatregnskapsrapportane (R10 og R21) i samband med utbytte, kapitaltransaksjonar etc. når årsoppgjeret er ferdig. Balanse- og resultatregnskapsrapportane skal òg oppdaterast dersom det blir gjort andre vesentlege endringar mellom delårs- og årsrekneskapen, slik at dei kan avstemmast mot føretaka sine offentlege årsrekneskapar. Informasjon som tidlegare blei rapportert i R51, skal no årleg rapporterast i R12 for fjerde kvartal, og informasjonen i R60 inngår nå i R13.

Alle rettleiingar, generell rettleiing og rettleiingane til dei enkelte rapportane, og dokumenta knytte til sektor- og geografifordeling, er samla i eitt dokument.

Dei viktigaste endringane elles, er som følgjer:

- Det er innført egne felt i rapporteringa for verdsetting og pant/sikkerheit.
- Opptente/påløpne renter og verdiendringar skal førast på underliggende finansobjekt.
- Spesifikasjonar knytte til nedskivingar og tap er tilpassa nye tapsreglar i IFRS 9.
- Totalresultat og andre inntekter og kostnader (OCI) er innførte i tråd med IFRS.
- Det blir innført kvartalsvise spesifikasjonar for endringar i eigenkapital.

Utkast til nye kodelister og rettleiingar blei sende på høyring i perioden januar–mars 2017, og 23. og 24. mai 2017 blei det halde informasjonsmøte med bransjen om endringane i ORBOF-rapporteringa. Det blei òg informert om endringane og krav til testing i likelydande brev til alle bankar, kredittføretak og finansieringsføretak frå Finanstilsynet 22. juni 2017.

All relevant informasjon, mellom anna nye kodelister, rettleiingar og presentasjonane frå informasjonsmøta, ligg på SSBs nettstad:

<http://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/orbof?fane=veiledning>

Første rapportering av nye ORBOF, er rapport 10 – Balansen for januar 2018 med rapporteringsfrist 15. februar 2018.

Det blir presisert at årsrapporteringa for 2017 skal rapporterast på gammalt format. Nytt format på årsrapporteringa skal først nyttast på årsrapporteringa for 2018 med rapportering i 2019. Det vil komme meir informasjon om dei nye årsrapportane, mellom anna om testing, i løpet av 2018.

Emil Steffensen
direktør for bank- og forsikringstilsyn

Thea Birkeland Kloster
seksjonssjef

Spørsmål kan rettast til den aktuelle institusjonen ved kontaktpersonane under:

Finanstilsynet

Seksjon for analyse og rapportering

Gunnar Almklov / Kaia Solli

E-post: rapporteringF2@finansstilsynet.no

Tlf.: 22 93 98 00

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Statistisk sentralbyrå

Seksjon for finansielle føretak

E-post: s290fiffo@ssb.no

Tlf.: 21 09 00 00

Postboks 8131 Dep

0033 Oslo

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO